

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 114/2002**

**av 27. september 2002**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og  
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 78/2002 av 25. juni 2002<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/672/EF av 20. august 2001 om særlege reglar for flytting av storfe når dei vert sette på sommarbeite i fjellområde<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I del 1.2 i avtala etter nr. 111 (kommisjonsvedtak 2001/812/EF) skal nytt nr. 112 lyde:

“112. **32001 D 0672**: Kommisjonsvedtak 2001/672/EF av 20. august 2001 om særlege reglar for flytting av storfe når dei vert sette på sommarbeite i fjellområde (TEF L 235 av 4.91.2001, s. 23).”

*Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2001/672/EF på norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 266 av 3.10.2002, s. 22, og EØS-tillegget til TEF nr. 49 av 3.10.2002, s. 14.

<sup>(2)</sup> TEF L 235 av 4.9.2001, s. 23.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. september 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 27. september 2002.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Gunnar Snorri Gunnarsson*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.